



Noregs vassdrags - og energidirektorat

Saksbehandlar, innvalstelefon

Gry Walle, 5557 2332

Fråsegn til søknad om mellombels fråvik manøvreringsreglementet i Løkjelsvatnet - Sunnhordland Kraftlag AS

Vi har ingen avgjerande merknadar til søknad om mellombels fråvik frå manøvreringsreglementet for Løkjelsvatnet i Etne kommune.

Vi viser til høyring av søknad frå Sunnhordland Kraftlag AS om å få fråvike manøvreringsreglementet for Løkjelsvatnet i perioden 11. april til 23. juli 2023.

For å kunne fullføre arbeidet med inntaket til nye Løkjelsvatn kraftverk, må vasstanden i Løkjelsvatnet senkast under LRV, og så langt ned som praktisk mogleg (ca. kote 600). Så snart bjelkestengselet er sett, vil magasinet bli fylt opp att. Kor lang tid det vil ta er avhengig av nedbørsmengda i perioden.

Vår vurdering

Vi konstaterer at tiltaket er naudsynt. Vi ventar ikkje at den mellombelse nedtappinga under LRV vil få særlege konsekvensar for fisk eller anna naturmiljø i magasinet.

Med helsing

Gry Walle
seniorrådgjevar